



RETNINGSLINJER FOR SAKER SOM GJELD OPPLÆRINGSLOVA KAP. 9A. - EIN HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

For utfyllande informasjon sjå **Rundskriv Udir-2-2010, Udir: Elevenes skolemiljø** og **Udir: Arbeid mot mobbing - Rettleiar for tilsette og leiarar i grunnskulen.**

Formål: Retningslinjene skal sikre at dei tilsette i skulen er kjende med *handlingsplikta* både når det gjeld å *undersøke, varsle* og om nødvendig *gripe inn* ved mistanke eller kunnskap om krenkande handlingar overfor elevar. Retningslinjene skal sikre god sakshandsaming i saker som gjeld retten til eit godt fysisk og psykososialt miljø etter kap. 9a i opplæringslova. Sakshandsaminga skal vere i tråd med forvaltningslova og med det også reglane om enkeltvedtak.

Det psykososiale miljøet

1. MELDING

Melding kan kome frå ulike personar/ulike instansar. Den som får kjennskap til krenkande åtferd har plikt til å melde frå om dette. Det er eleven si individuelle kjensle av, eller oppleving av krenkande ord eller handlingar ein pliktar å undersøke. Retningslinjene gjeld for krenkande handlingar utført av medelevar eller skulen sine tilsette i skuletida.

NB: Alle typar meldingar skal takast på alvor. Melding treng ikkje kome frå foreldre/føresette og treng heller ikkje vere skriftleg.

Det er viktig at personalet og leiinga ved skulen har drøfta seg fram til ei felles haldning, slik at dei reagerer likt overfor alle typar åtferd.

I alle slike saker er det viktig å dokumentere/loggføre alt som skjer. Det kan vere meldingar, telefonsamtalar, individuelle samtalar o.l. Dette for å dokumentere kva ein faktisk gjer/har gjort. Dokumentasjon blir lagt i eleven si mappe på skulen. Førsette har innsynsrett. Enkeltvedtak skal arkiverast i elevmappe.

2. SAMTALE KONTAKTLÆRAR – SKULELEIING (REKTOR)

Saker som gjeld mobbing og vald skal alltid meldast til rektor. Det viktig at leiinga er best mogeleg informert om alle tilhøve som har innverknad på det psykososiale miljøet.

Ein episode vert drøfta internt på skulen mellom involverte lærarar/rektor. Her blir ein samde om ein skal kontakte dei føresette, og legg ein plan for korleis ein skal arbeide med den konkrete episoden / hendinga / saka.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

3. SAMTALE MED FØRESETTE

Etter å ha motteke melding og vurdert alvorret i saka, skal kontaktlærer ha ein samtale med føresette. Eleven og dei føresette skal ha god orientering om eleven sin rett etter opplæringslova kap. 9a.

Ein gå gjennom meldinga og bli samde med dei føresette om ein skal gå vidare med undersøking, enkeltvedtak og eventuelle tiltak.

Det skal fattast enkeltvedtak i alle saker der det kjem inn oppmodingar om tiltak, også der skulen meiner tiltak ikkje er naudsynt fordi eleven sin rett etter oppl.l. §9a-1 ikkje er broten.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

4. INNKALLING TIL SAMARBEIDSMØTE

Skulen kallar inn. På møtet skal rektor, kontaktlærer, føresette og elev som kjenner seg krenka vere til stades. I samarbeidsmøtet skal ein gå gjennom meldinga, ein skal avklare eleven sin situasjon og få klarlagt dei føresette si uro og oppleving. Samtykke frå dei føresette blir henta inn – sjå neste punkt.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

5. SAMTYKKE

I samband med samarbeidsmøtet skal skulen v/rektor hente inn samtykke til å gå vidare med undersøking, enkeltvedtak, tiltak og evaluering. Ved å samtykke gir dei føresette skulen løyve til å gå vidare med meldinga. Føresette kan motsette seg vidare arbeid, men det skal då dokumenterast at dei føresette ikkje ønskjer vidare tiltak.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

6. UNDERSØKING

Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø.

Opplæringslova §§ 9a-2 og 9a-3 pålegg skulen å ta stilling til alle meldingar/oppmødingar frå elevar og andre som rettar seg mot det psykososiale miljøet.

Melding skal gå til skulen si leiing. Skulen har ansvar for å undersøke og klargjere saka godt. Undersøking bør skje i samråd og samarbeid mellom rektor, rådgjevar/inspektør og kontaktlærer.

Ei undersøking bør innehalde;

- Samtale med elev som opplever å vere krenka.
- Samtale med dei føresette til denne eleven.
- Samtale med elev/elevar som det blir hevda står bak krenkande åtferd.
- Samtale med denne/desse elevane sine føresette.
- Samtale med medelevar. ikkje vedkommande namngitt elev, men generelt om det psykososiale miljøet i gruppa/klassen/skulen.
- Observasjon.
- Samtale med andre personar (til dømes kontaktlærer, andre lærarar, tilsette i SFO).

Undersøkinga skal ende i ein konklusjon som skal gi grunnlag for rektor sitt enkeltvedtak. Skulen skal føre logg/skrive notat over det som blir gjort i saka (telefonar, samtalar, observasjonar osv.) og legge dette i elevmappa.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

7. ENKELTVEDTAK

Opplæringslova § 9a-3 forpliktar skulen v/ rektor å fatte enkeltvedtak ut frå melding om krenkande åtferd m.m. Enkeltvedtak skal innehalde:

- Skildring av situasjonen (faktisk situasjon basert på ei undersøking).
- Vurdering av om eleven sin rett etter oppl.l. §9a-1 er teken i vare eller ikkje, og der ein tek stilling til dette.
- Skildring av tiltak (kva skulen faktisk vil gjere).
- Omfang og organisering av tiltak.
- Ansvar (kven gjer kva i høve til faktisk situasjon).
- Evaluering (er måla nådd ut ifrå kriteria for måloppnåing – sjå punkt 9).

Det skal fattast enkeltvedtak i alle saker der det kjem inn oppmodingar om tiltak. Dette gjeld og der skulen meiner tiltak ikkje er nødvendig, fordi eleven sin rett etter oppl.l. §9a-1 ikkje er broten.

Enkeltvedtak skal vere skriftleg og skal ligge føre så snart som råd etter at ein har motteke melding. Føresette kan klage på enkeltvedtak til rektor og vidare til Fylkesmannen. Skulen sin handlemåte kan også klagast på dersom skulen ikkje innan "rimeleg tid" har handla. Dersom det ikkje blir gjort vedtak innan tre veker, kan elev/foreldre klage som om det er gjort vedtak.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

8. TILTAK

I samråd med kontaktlærer og føresette har skulen ansvar for å setje i verk nødvendige tiltak. Sjå enkeltvedtak pkt.7. Tiltak kan setjast inn på individnivå og systemnivå, og kan på den måten omfatte einskildelevar og grupper / klasser. Dersom enkeltelevar blir pålagt plikter som elevar og føresette ikkje ønskjer, skal det gjerast enkeltvedtak. Føresette har klagerett også på dette. Dette kan til dømes vere samtalar med rådgjevar for ein elev utover skulen sin ordinære pedagogiske praksis.

Døme på tiltak:

- Utvida inspeksjon.
- Samtalar med kontaktlærer eller rådgjevar (både den som kjenner seg krenka og den som står bak krenkande handlingar).
- Elevsamtalar.
- Tett foreldresamarbeid i periodar.
- Tett oppfølging av einskildelev(ar).
- Alternative aktivitetar:
 - sosiale aktivitetar/hyggeaktivitetar/klassetur.
- Vise gruppe/årssteg til PPT med tanke på systemarbeid i høve til betre psykososialt miljø.
- Alternativ organisering:
 - byte sitjeplassar
 - byte grupper/klasse
 - byte skule.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

9. EVALUERING

I enkeltvedtak blir det fastsett tid for evaluering. Evaluering knyter seg til om tiltak som er sett i verk har ønska effekt. Før eit evalueringsmøte bør skulen og dei føresette ha utarbeidd kriteria med tanke på måloppnåing.

Dette kan vere:

- Elev seier heime at han/ho har det betre på skulen.
- Elev seier i elevsamtale at han/ho har det betre på skulen.
- Skulen/kontaktlærer observerer at eleven uttrykker trivsel.
- Eventuelt fråvær har minka.
- Skulen observerer at eleven har nokon å vere saman med i friminutta.
- Ingen, lærarar eller andre personar, har rapportert om negative hendingar overfor eleven.
- Medelevar kan i elevsamtalar fortelje at alle har det bra i gruppa/klassen.

Ansvar : Rektor

Gjennomføring : Så snart som råd

10. DEBRIEFING

A. OPPFØLGING AV DEN SOM BLIR MOBBA

Skulen skal forsikre dei som blir utsett for mobbing om at dei vaksne følgjer med, og vil gripe inn dersom mobbinga held fram. Skulen skal sjå til at den som har blitt plaga skal få hjelp til å gjennomarbeide dei vonde opplevingane. Det kan vere aktuelt å trekkje inn ekspertise, til dømes psykologhjelp. Skulen skal arbeide for å få den som blir mobba inkludert i klassen.

B. OPPFØLGING AV MOBBAREN

Mobbarar treng hjelp til å utvikle ein sosialt akseptabel åtferdsmåte. Skulen skal følge utviklinga, vurdere oppvekstsituasjonen og eventuelt be om hjelp frå PP-tenesta, barnevernet eller andre.

C. VURDERING AV SKULEN SITT EIGE ARBEID

Skulen skal vurdere eige arbeid i etterkant av kvar mobbesak, for å lære av det som har skjedd. Skulen står da betre rusta til å møte neste sak som kan dukke opp. Evalueringa friskar opp det kontinuerlege arbeidet med læringsmiljøet.

11. KUNNGJERING

Retningslinjer for saker som gjeld opplæringslova kap. 9A skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og alle tilsette kvart år ved skulestart. Retningslinjene skal alltid vere tilgjengelege på Høyanger kommune sine nettsider.

12. TRER I KRAFT

REVIDERING

Retningslinjene skal reviderast minst ein gong kvar 4-årsperiode frå vedtaksdato.

VERKNAD FRÅ

Desse retningslinjene er gyldige frå *01.01.2014*

Sak 11/1502

Sist endra: 17.12.2013

Vedlegg:

- 1. MAL FOR ENKELTVEDTAK**
- 2. HANDLINGSPLIKTA**
- 3. ÅRSKJUL FOR ARBEIDET MED ELEVANE SITT FYSISKE OG PSYKOSOSIALE ARBEIDSMILJØ**
- 4. SKJEMA FOR MELDINGAR I SAMBAND MED UØNSKT ÅTFERD - § 9A**
- 5. STADFESTING AV OPPLÆRING AV TILSETTE I HØVE OPPLÆRINGSLOVA § 9a ANDRE LEDD, HANDLINGSPLIKTA FOR PERSONALET**
- 6. KLAGESKJEMA**
- 7. ARBEID I RÅD OG UTVAL VED SKULANE I HØYANGER KOMMUNE**